



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kommunestyret
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	20.09.2018
<b>Tid:</b>	16:30 – 21:30

### Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Egil Kjell Leikanger	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK

### Forfall:

Reidun S Myrvågnes	MEDL	AP
Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	MEDL	KRF
Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Bjørn Otterlei	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Kaja Runde	MEDL	FOLK
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK

---

**Varamedlemer som møte:**

Jarle Digernes	Reidun S Myrvågnes	AP
Mona Grethe Ryssevik	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
John Terje Berg Nerem	Edel Kvalsund Goksøy	KRF
Jan Arve Drabløs	Arnulf Goksøy	H
Knut Tandberg	Stig Arne Helsem Sævik	H
Oddmund Voldsund	Bjørn Otterlei	H
Joakim Eiksund	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Karly Ingunn Teige	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Rolf Arne Nilsen	Kaja Runde	FOLK
Paul Johan Remøy	Frank Roy Moltu	FOLK

---

**Andre:**

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og varamedlemene i kvar gruppe.

Varordførar Camilla Storøy leia møtet i ordførar Arnulf Goksøy sitt fråvær.  
Ann Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes vald som settevaraordførar.

Det møtte 22 faste og 10 varamedlemer, tilsaman 32 representantar, 1 mindre enn fulltallig.  
Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Leiv Aarflot fekk permisjon kl. 19:30, etter handsaming av K-sak 102/18.  
Stian Elveseter fekk permisjon kl. 20:50 etter handsaming av K-sak 114/18.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:  
Stian Elveseter og Henry Jøsokbakke

Ordføraren svara på grunngitt spørsmål frå Kjell Runde om bruk av kommuneadvokat i varslings saker mot rådmannen.

Orienteringar:

- SSR v/Einar Heimdal i starten av møtet.

Møtet avslutta med gruppearbeid om temaet «Tillit» - leia av etikkutvalet.

---

underskrifter

Stian Elveseter

Camilla Storøy  
fung.ordførar

Henry Jøsokbakke

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 96/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 97/18	Protokoll frå førre møte.
PS 98/18	Delegerte saker
PS 99/18	Referatsaker
PS 100/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 - investeringstiltak anleggsprosjekt
PS 101/18	Budsjett og økonomiplan 2019-2022 - Investeringsplan for kommunale bygg
PS 102/18	Kostrå 2017
PS 103/18	Kommunekompasset 2018
PS 104/18	Kommunekompasset. Utviklingsstrategi.
PS 105/18	Kommunebarometer 2018
PS 106/18	Kraftig auke i økonomisk sosialstønad - Herøy kommune
PS 107/18	FV 654 Skarbakken – vidareføring av gangveg
PS 108/18	Gravplassanalyse for Bergsøya og Leinøya
PS 109/18	Myklebuståsen bustadfelt - søknad om tilskot og avgiftsmodell for momsrefusjon
PS 110/18	Prosjekt 70043 - Eggesbøvegen 1 - Miljøsanering og riving - økonomisk avslutning
PS 111/18	Reglement for Eldrerådet i Herøy kommune
PS 112/18	Samarbeid om skatteinnkrevjing mellom kommunane Herøy, Ulstein og Vanylven - godkjenning av vertskommuneavtale
PS 113/18	Årsmelding og rekneskap for Herøy frivilligsentral 2017
PS 114/18	Val av to styremedlemer med personlig vara til styret i Herøy frivilligsentral 2018-2019
PS 115/18	Fritak politiske verv - Reidun Myrvågnes

## Delegerte saker frå avdelingane:

- DS 222/18 Alf Inge Leine - 25/4 - Frådeling
- DS 223/18 Mellombels bruksløyve - 7/4 m fl - hovudetg. sjøbuder
- DS 224/18 Ferdigattest - riving bustadhus gnr 13, bnr 10
- DS 225/18 Norhus Ørsta as - 30/9 - 2-mannsbustad med tilhørende garasje
- DS 226/18 Myrtel og Per -Ove Kvalsund - 4/331 - Endring/ny koteplassing av bygg
- DS 227/18 Ferdigattest - 16/84
- DS 228/18 Asbjørn Myklebust - 37/384 - Frådeling
- DS 229/18 Ferdigattest - 76/137 - Fritidsbustad
- DS 230/18 Norhus Ørsta as- 4/338 - Igangsetting 2-mannsbustad
- DS 231/18 Ferdigattest - 81/14 - tilbygg/garasje
- DS 232/18 Knut Ove Aspevik - 50/4 - Frådeling
- DS 233/18 Ugnius Varnauskas - 12/309 - Terrasse
- DS 234/18 Ferdigattest - 59/81
- DS 235/18 Frank Robert Stenersen - 34/160 - Tilbygg og fasadeendring
- DS 236/18 Ferdigattest altan - 16/58
- DS 237/18 Norhus Ørsta as - 30/9 - Rammeløyve veg og VA-anlegg
- DS 238/18 Mariann Skorpen Berge 27/69 Tilbygg/bod på garasjetak -løyve til tiltak
- DS 239/18 Balsevicius Konstantinus 8/29 Riving - løyve til tiltak
- DS 240/18 Sveinung Storøy 17/40 Tiltak -kontor - løyve til tiltak
- DS 241/18 Mørebygg AS 4/288 B1-A Rammeløyve 2-mannsbustad - Ferdigattest
- DS 242/18 Villa smolt as - 60/349 - Påbygg og fasadeendring
- DS 243/18 Stemmedalen vasslag SA - Sjøleidning frå Jensholmen til Sandvika - løyve til tiltak
- DS 244/18 Steffen Moltu 80/14 tiltak garasje og terrasse -igangsettingsløyve

### **Referatsaker:**

- RS 32/18 Myrabakken bustadfelt - status pr. juni 2018
- RS 33/18 Årets nynorskkommune 2018
- RS 34/18 Protokoll frå representantskapsmøte 25.05.18

## **PS 96/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 97/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 98/18 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelinga låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 99/18 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 100/18 BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - INVESTERINGSTILTAK ANLEGGSPROSJEKT**

### **Møtebehandling:**

Bjarne Kvalsvik (FOLK/Sp) kom med slikt framlegg tillegg til formannskapet si tilråding:

	<u>2019</u>	<u>2020</u>
Kaier Mjølstadneset	1.000.000,-	10.000.000,-
Gang-/sykkelveg Leine/Voldsund		10.000.000,-

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 4 røyster. Dei 4 røysta for framlegget frå Bjarne Kvalsvik.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2019-2022 basert på ei årleg investeringsramme for anleggsprosjekt slik det framkjem i saka.

## **PS 101/18 BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - INVESTERINGSPLAN FOR KOMMUNALE BYGG**

### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Kommunestyret ber rådmannen om å arbeide vidare med budsjett- og økonomiplanen for 2019-2022 basert på ei årleg investeringsramme for kommunale bygg slik det framkjem i saka.

## **PS 102/18 KOSTRA 2017**

### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.

### **PS 103/18 KOMMUNEKOMPASSET 2018**

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Kommunestyret er tilfreds med at evaluering etter Kommunekompasset viser at skåren i 2018 er 106 poeng høgare enn i 2016:

Kommunestyret meiner at Kommunekompasset er eit nyttig verktøy for organisasjonsutvikling og utvikling av forvaltningspraksisen i kommunen og ber om at det vert lagt fram ein revidert utviklingsstrategi for 2019 og 2020.

### **PS 104/18 KOMMUNEKOMPASSET. UTVIKLINGSSTRATEGI.**

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Kommunestyret sluttar seg til tiltaksplanen i pkt 4.6 i vedlagde dokument.

### **PS 105/18 KOMMUNEBAROMETER 2018**

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.



### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Kommunestyret meiner at analyser som Kommunebarometeret til Kommunal Rapport kan brukast til læring og refleksjon. Det må vurderast om det er ting som andre kommunar gjer og som vi også bør sjå på, for å kunne yte betre tenester til innbyggjarane.

Kommunestyret har lese Kommunebarometeret sine tal vedk. saksbehandling på tekniske tenester og samfunnsutvikling.

Kommunestyret finn ikkje heilt samsvar mellom tala i rapporten og tidlegare gitte opplysningar vedk. til dømes byggesak og behandlingstid.

Kommunestyret ber administrasjonen sjå nærare på dette slik at ein oppnår meir samanliknbare tal i åra som kjem.

### **PS 106/18 KRAFTIG AUKE I ØKONOMISK SOSIALSTØNAD - HERØY KOMMUNE**

#### **Møtebehandling:**

Rapport «Bruk av økonomisk sosialhjelp 2017» Frå NAV vart delt ut.

Solveig Båtsvik (Frp) kom med framlegg om slikt tillegg:

«Kommunestyret ønskjer ei sak på meir nøyaktige tal på sosiale utgifter, og spesielt på 2018 auke, og kriteriar for sosial stønad.»

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken med tillegg av framlegget frå Solveig Båtsvik (Frp).

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Kommunestyret tek orienteringa til vitande og ber NAV i samarbeid med andre kommunale sektorar følgje opp tiltaka i tiltakslista.

Behov for auka ressursar vert å ta opp i samband med budsjettarbeidet for 2019.

Kommunestyret ønskjer ei sak på meir nøyaktige tal på sosiale utgifter, og spesielt på 2018 auke, og kriteriar for sosial stønad.

### **PS 107/18 FV 654 SKARABAKKEN – VIDAREFØRING AV GANGVEG**

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Herøy kommunestyre er positiv til å utvide prosjektet i Skarabakken og ber administrasjonen om å gå i dialog med Møre og Romsdal fylke, Statens vegvesen og entreprenør for å finne gode og rimelege løysingar som sikrar dei mjuke trafikantane.

Ein avtale med Møre og Romsdal fylke skal leggast fram for formannskapet for godkjenning og ordførar får fullmakt til å signere etter slik politisk godkjenning ligg føre.

Tiltaket vert å finansiere med midlar som tidlegare er satt av til trafikktrygging.

## **PS 108/18 GRAVPLASSANALYSE FOR BERGSØYA OG LEINØYA**

### **Møtebehandling:**

Per Kristian Furø reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styreleiar i sameige som er part i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Per Kristian Furø vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40, FL § 6 e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Herøy kommunestyre vedtek at det vert utarbeidd ei gravplassanalyse for Bergsøya/Leinøya slik det går fram av saka. Norconsult AS vert vald som konsulent for arbeidet.

Gravplassanalysa vert finansiert ved å redusere rammeløyving til Herøy kyrkjelege fellelsråd.

## **PS 109/18 MYKLEBUSTÅSEN BUSTADFELT - SØKNAD OM TILSKOT OG AVGIFTSMODELL FOR MOMSREFUSJON**

### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

1. Det vert gitt eit tilskot på 750.000 kroner til tidlegare opparbeidde avlaupsleidningar.  
Beløpet vert finansiert ved bruk av bunde driftsfond avlaup og vert utbetalt etter ferdigstilling og overlevering av anlegga til kommunen.
2. Søknaden om tilskot til bygging av veg 2 på 8 mill. kroner eks.mva. vert ikkje imøtekomen.
3. Søknaden om tilskot til utbygging hovudkloakk vert imøtekomen med inntil 2 mill. kroner. Tilskotet er knytt til naudsynt utbygging av avlaupsnett utanfor det regulerte området som er omfatta av utbyggingsavtalen. Beløpet vert finansiert ved bruk av bunde driftsfond avlaup og vert utbetalt over 2 år etter ferdigstilling og overlevering av anlegga til kommunen.
4. Herøy kommunestyre godkjenner at justeringsretten for refusjon av mva vert nytta i denne saka og at kommunen sin del av årleg refusjon vert i tråd med

prinsippvedtaket i K-sak 12/16 med fordeling av momsrefusjonen kommunen/utbygger 30/70.

### **PS 110/18 PROSJEKT 70043 - EGGESBØVEGEN 1 - MILJØSANERING OG RIVING - ØKONOMISK AVSLUTNING**

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

1. Kommunestyret vedtek økonomisk avslutning av prosjekt 70043 - Eggesbøvegen 1 - miljøsanering og riving.
2. Prosjektregnskapen vert godkjent og avslutta med eit totalforbruk på kr. 212 512,75 inkl. mva. og eit mindreforbruk på kr. 87 487,25.
3. Kommunestyret vedtak å belaste ubunde kapitalfond med den reelle prosjektkostnaden.

### **PS 111/18 REGLEMENT FOR ELDRERÅDET I HERØY KOMMUNE**

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Reglement for Eldrerådet vert vedteke slik det ligg føre.

### **PS 112/18 SAMARBEID OM SKATTEINNKREVJING MELLOM KOMMUNANE HERØY, ULSTEIN OG VANYLVEN - GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE**

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles skatteoppkrevjar for Herøy kommune (vertskommune), Vanylven kommune (samarbeidskommune) og Ulstein kommune (samarbeidskommune).

Rådmennene får delegert mynde til å gjere endringar i «Vertskommuneavtale om felles skatteoppkrevjar», som ikkje er av prinsipiell tyding.

### **PS 113/18 ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2017**

#### **Møtebehandling:**

Bjarne Kvalsvik (FOLK/Sp) kom med framlegg om å utsette saka.

#### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Saka vert utsett.

### **PS 114/18 VAL AV TO STYREMEDLEMER MED PERSONLIG VARA TIL STYRET I HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2018-2019**

#### **Møtebehandling:**

Særutskrift av VN-sak 16/18 vart delt ut.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

Til styret i Herøy frivilligsentral for perioden 2018-2019 vert valde:

Styremedlem:

Magne Nærø

Solfrid Hagemann

Personleg varamedlem:

Kurt Are Skarbø

Anlaug Varhaugvik

### **PS 115/18 FRITAK POLITISKE VERV - REIDUN MYRVÅGNES**

#### **Møtebehandling:**

Særutskrift av VN-sak 17/18 vart delt ut.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Kommunestyret - 20.09.2018**

1. Reidun Myrvågnes får fritak frå politiske verv ut valperioden.
2. Vararepresentant til kommunestyret, Silje Oksholen Gjelseth, rykker inn som fast medlem i kommunestyret for den tida Egil Kjell Leikanger er fast medlem for Rakel Gjelseth, dvs. tom. 31.12.2018.
3. Rakel Gjelseth Gjelsvik forlengar ikkje permisjonen, og Egil Kjell Leikanger rykker inn som fast medlem i kommunestyret fom. 01.01.2019 og ut valperioden.
4. Som nytt medlem av formannskapet/valstyret vert Olaug Andreassen vald. Øvrige varamedlemer rykker ein plass opp.
5. Som ny siste varamedlem av formannskapet/valstyret vert Runar Stave vald.
6. Som ny siste varamedlem i valnemnda vert Sofie M. Arntsen vald.
7. Som ny medlem i komite for næring, kultur og idrett vert Gerd Kopperstad vald.
8. Som ny medlem i samarbeidsutval ved dei kommunale barnehagane vert Sofie M. Arntsen vald.
9. Som ny siste varamedlem i plan og byggnemnda vert Johnny Hundnes vald.
10. Som ny siste varamedlem i forhandlingsutvalet vert Gerd Kopperstad vald.
11. Som ny siste varamedlem i kommunedelplan kulturminne av lokal verdi, arbeidsgruppe, vert Olaug Andreassen vald.

**MØTET SLUTT!**